



Midtre Holsnøy Grunneigarlag
c/o Bjarte J Skintveit Rosslandsvegen 1240
5917 Rossland

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/1969 - 23/37084

Saksbehandlar:
Mari Emilie Pettersen Hagenlund
mari.emilie.pettersen.hagenlund@alver.kommune.no

Dato:
12.05.2023

Løyve til motorferdsel i Rylandsvassdraget

Vedtak

Med heimel i Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag § 5 gjev Alver kommune med dette Midtre Holsnøy Grunneigarlag løyve til bruk av motorfartøy med elektrisk motor i Rylandsvatnet i Alver kommune i forbindelse med prøvefiske i 2023.

Løyve er gjeve på følgjande vilkår:

- Det kan brukast motorfartøy med elektrisk motor med inngangseffekt på opptil 800 watt.
- Elektrisk påhengsmotor skal ikkje nyttas i perioden mai til august.
- Elektrisk påhengsmotor skal berre brukast til utførelse av prøvefiske.
- Søker er ansvarleg for å innhente naudsynt løyve frå grunneigar etter motorferdselloven § 10.
- Bruk av båt med elektrisk påhengsmotor føresett bruksrett i vatnet eller gyldig fiskekort.
- Løyve gjeld for sesongen 2023.

Saka gjeld:

Midtre Holsnøy Grunneigarlag søker om løyve til bruk av elektrisk påhengsmotor i Rylandsvatnet, Alver kommune.

Bakgrunnen for søknaden er at sækjar ynskjer å nytte elektrisk påhengsmotor for å utføre prøvefiske i Rylandsvatnet for å få oppdatert kunnskap om fiskebestanden etter fleire år med tynningsfiske. Grunneigarlaget utfører tynningsfiske i Rylandsvassdraget for å forbetra røyebestanden. Arnt Brakstad har fiska aktivt med garn i Storavatnet i mange ti-år og i 2000-2005 vart det fiska ut om lag 140 kg pr år. Grunneigarlaget opplyser om at det no er synlege resultat på fisken i Rylandsvatnet og at dette gjev ein forbetra kvalitet som matfisk.

VURDERING:

Bruk av motoriserte framkomstmidla i utmark og vassdrag skal handhevast strengt. I rundskriv T-1/96 frå Miljøverndepartementet er det likevel tydeleg at loven ikkje tar sikte på å hindre

naudsynt ferdsel til anerkjente nytteformål. Det er den «unødvendige og fornøylespregede ferdselen» som regulerast.

Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag §5 beskriv at kommunen kan gje forskrift eller fatte enkeltvedtak om løyve til bruk av motorfartøy med elektrisk motor med inngangseffekt opptil 800 watt på innsjøar mindre enn 2 kvadratkilometer. Ved vurdering av om det skal opnast for slik ferdsel, skal det leggast vekt på omsynet til vatnet som levestad for viltartar og fuglar, og særskilt vekt på omsynet til hekkeområde. Det kan ikkje gjevast løyve til motorferdsel som inneber vesentleg skade på fugleliv.

Søkars grunngjeving for søknaden er primært knytt til eit ynskje om prøvefiske for å få en oversikt over status for fiskebestanden etter fleire år med tynningsfiske. Overtette fiskebestandar er eit kjent fenomen frå heile landet, og det er i mange tilfelle viktig med målretta kultiveringsarbeid av fiskevatna for å oppnå ein god kvalitet.

Vannrikse (*Rallus aquaticus*) som er kategorisert som sårbar (VU) på Norsk Raudliste er registrert i tilknytning til vatnet. Det er derfor satt vilkår om at elektrisk påhengsmotor ikkje skal nyttas i perioden mai til august for å minimere forstyrring av hekkande fugl. I forhold til andre omsyn til natur og miljø vil den forventade bruken av elektrisk påhengsmotor få liten betydning. Vi kan ikkje sjå at ein dispensasjon vil vere i strid med prinsipp i naturmangfaldlova §§8-12.

Regelverk

LOV 1977-06-10-82 Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag.

LOV-2009-06-19-100 Lov om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven)

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «ArkivSakID»

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Mari Emilie Pettersen Hagenlund
Sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Midtre Holsnøy Grunneigarlag

c/o Bjarte J Skintveit
Roslandsvegen 1240

5917

Rosland